# Fjøra som vart til tusen tonar

Magnar Am 1987

NB noter
This music is copyright protected

Magnar Åm 1987: Fjøra som vart til tusen tonar

Dette verket er bestilt av Rikskonsertane.
Her er ingen notar, berre teikningar laga av born i Manglerud barnehage medan dei høyrde på ulike lydar. Lydkjeldene var stemma mi, ein stor tremortar og ei gammal spiralfjør frå eit bilkarosseri.
Teikningane gjorde eg så eit utvalg av, og ordna og monterte dei så dei skulle vise eit musikalsk forløp pa fem satsar.
Satsane er sett opp over kvarandre (to høgder pa kvar side, ei side tilsvarar tre A3-sider) og har denne rekkefylgja: "kyrkjeklokka", "egget", "skriket", "soppen" og "insekta".
I partituret har eg notert inn kva instrument som skal ha ansvaret for dei ulike figurane, og besetninga er slik:

| | |
|---|---|
| flauto grosso | (fl) |
| clarinetto in Bb | (cl) |
| violino | (vl) |
| violoncello | (vc) |
| percussione (ev.lydskulptur) | (pc) |
| soprano | (sp) |
| piano | (pn) |

Slagverkaren kan sjølv velje eit oppsett av ulike perkussive instrument. Ved urframføringa vart det i tillegg nytta ein lydskulptur bygd av Kalle Grude, der elementa (ulike skrapmaterialar) var bearbeidde på førehand av born i 35 Oslo-barnehagar, og der ein sentral figur var nettop den nemde bilfjøra.

"Spelereglar"

1) Overordna tidslinje er vassrett mot høgre, men innanfor kvar einskild figur fylgjer tidslinja strekane slik ein kan tenke seg dei er teikna.
2) Assosier så fritt som råd, bruk instrumentet bade tradisjonelt og utradisjonelt.
3) Om figurane liknar på noko spesielt, kan ein gjerne la dette prege dei lydmessige assosiasjonane.
4) Store strekar og strekar som ser ut til å vere teikna med hardt trykk betyr sterkt.
5) Små strekar og strekar som ser ut til å vere teikna med lett trykk betyr svakt.
6) Oppover på bildet betyr oppover i register.
7) Nedover på bildet betyr nedover i register.
8) Karakteren i strekane bør også tolkast musikalsk ( slik at t.d. mjuke, kantete eller ville strekar blir til tilsvarande mjuke, kantete eller ville lydar).
9) Gjentatte forholdsvis like strekar betyr fast puls, at ein spelar klart pulserande.
10) Unnga tydlege dur/moll-melodifraser.
11) Piano: Unngå reine treklangar og klar dur/moll-tonalitet.
12) Lengda på stykket og på satsane er opp til utøvarane å avgjere. Satsane kan spelast i samanheng eller med tydlege opphald.

Ved urframføringa vart ein transparent av partituret ført gjennom ein overhead-projector og vist på eit lerret som både musikarar og publikum kunne sjå (musikarane spelte med ryggen mot publikum). Den som drog transparentane styrte "tempoet", ettersom musikarane heile tida spelte det som var i sentrum av lerretet.

NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected



NB noter
This music is copyright protected

1

„ kyrkjeklokka"




2

„ egget"




NB noter
This music is copyright protected



NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

4

„soppen"

fl
cl
vl
vc
sp



fl

vl



pc



NB noter
This music is copyright protected

„insekta"



sp





NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected